



Informasjonsnotat / orientering

Til:
Marit Aksnes Aase

Frå:
Hilde-Lill Våge/Tone Ramsli

OPPFØLGING AV KOMMUNESTYREVEDTAK VEDK. BRUK AV STEINMASSAR FRÅ TYSSETUNNELEN - GAUPHOLM NÆRINGSOMRÅDE

Saknr/Journalnr
09/3/12/4236/ADM/HLV

Arkivkode
FA-L05

Dato:
28.08.2012

Kommunestyret gjorde den 15 des.2011følgjande vedtak (sak 75/11):

Prioritering av overskotsmassar (frå Tyssetunellen):

Frå austsida:


1. Gang- og sykkelveg Tysse – Frøland
2. Oppbygging av Bygdavegen
- 3 Bjørkheim

Frå vestsida.

1. Sætervika – vegomlegging
2. Overskotsmassar kan brukast til oppbygging av kommunale vegar og til tilkomst til næringsareal på Gaupholm og til utvikling av dette (jmf. arealplan). I tillegg til å vurdera det avsette arealet på Gaupholm må andre område i nærleiken av tunellinnslaget vurderast.

Næringsarealet på Gaupholm – sjå pil på kartet - vart teke inn i arealplanen i slutfasen av arbeidet. Planen gjeld fram til 2004-2014.

I arealplanen er det ikkje vist tilkomst til arealet, noko som ikkje er uvanleg. Tilkomst vil uansett skje frå Fv 48. Det meste av arealet er eigd av ein grunneigar gnr. 44 bnr 3



Rådmannen sendte straks etter vedtaket i kommunestyret melding til teknisk eining om at det måtte settast i gang arbeid for å sjå om det var mogleg å nytta overskotsmassar i dei aktuelle områda og kva som måtte gjerast for å sikra mottak av steinmassar. Eininga vurderte at det avsette næringsarealet mest truleg hadde massebalanse og slik sett var det uaktuelt med plassering her. Frå eininga vart det og vurdert at kommunestyret var svært oppteken av å få plassert massar som i ettertid skulle nyttast i samband med vedlikehald/utbetring av kommunale vegar. Dette var det framtidige næringsarealet lite egna til. Det har derfor ikkje vore arbeidd vidare med dette prosjektet.


Det vart vurdert at eit område mellom ny og gamal veg var godt eigna både til mellombels plassering samt at det kunne opparbeidast eit framtidig lite næringsareal. Etter avtale mellom kommunen og ansvarleg for Fv-prosjektet var det vegvesenet som hadde kontakt med grunneigar. Status pr. d.d. er at grunneigar ikkje ynskjer å leiga ut området for å få plassert massar på dette arealet.

For begge areala er den største utfordringa reint tidsmessig og økonomisk at det er krav om utarbeiding av reguleringsplan. Erfaringsmessig tek arbeidet med reguleringsplan ca 1 år. Kostnad vil truleg ligge rundt 300.000 kroner. Det er ikkje budsjett til arbeidet.

Det som ytterlegare kompliserer saka og ei evt avgjerd om kva kommunen bør gjera er at det er uvisst kor mykje stein som kan forventast. I tillegg er det heller ikkje klart kva kvalitet steinen har. Spørsmålet er om kommunen skal igangsette planarbeid med dei kostnadene det medfører før det er klart om det vil verta tilgjengeleg egna steinmassar.

Vegesenet må ha klart eit område om lag eit år fram i tid. Kommunen kan med oppstart av reguleringsplan i oktober rekke å ha ein plan klar. Det føresett at det ikkje vert stilt krav om konsekvensutgreiing for området.

Nedanfor er eit teikning som viser ny trase for Fv 48 på det aktuelle området.



Oppsummert:

- Skal administrasjonen arbeida vidare med å finna og klargjera eit område der ein kan ta imot steinmassar primært med sikte på å nytta dei seinare til vedlikehald av vegar?
- Skal kommunen starta arbeidet med opparbeiding av næringsarealet i arealplanen gjennom å prioritera bruken av overskotsmassar til vegtilkomst?

Dersom svaret er ja på eit eller begge spørsmåla, må det løyvast midlar til arbeid med reguleringsplan(ar) samt midlar til prosjektering. I tillegg må det fattast formelt vedtak om oppstart av planarbeidet.

Alternativet er at kommunen aksepterer at evt. overskotsmassar vert plassert som vist i reguleringsplanen, dvs. ikkje kjem til nytte.

Det kan også skje at det ikkje vert overskotmassar eller at kvaliteten er så dårleg at den ikkje kan nyttast slik kommunen sine føresetnader er. Planarbeidet, særleg knytt til mellombels deponi, vil då verta bortkasta.

Kopi til:

Lønningdal, Ragnhild; Opheim, Kenth Paul; Ramsli, Tone; Sandvik, John Inge